

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-223
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
058/22	Utval for næringsutvikling og drift	07.12.2022

Søknad til Næringsfondet - Birkeland Fisk & Sjømat - Støtte til nytt fiskefartøy
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Støtte til nytt fiskefartøy vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Handsaming:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 058/22 Vedtak:

Prosjektet Støtte til nytt fiskefartøy vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn:

Birkeland Fisk & Sjømat er eit enkeltpersonføretak. Bransje: 46.381 Engroshandel med fisk, skalldyr og bløtdyr.
Registrert 03.11.2021
Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Birkeland Fisk & Sjømat er lokalisert på Eikangervåg og driv med fiske og fangst. Verksemda vart etablert hausten 2021. Innehavar May Britt Birkeland er yrkesfiskar med eigen liten open båt.

Om prosjektet:

Birkeland Fisk & Sjømat har planar om å kjøpe fiskesjark. Søkjar skal vidare søkje om rekrutteringskvote og må i den forbindelse investere i eige næringsfartøy. Rekrutteringskvote er ein kvote som vert tildelt 3 jenter og 3 guter. For å kvalifisere til denne kvoten er det krav om eigen sjark. Arbeidet vil bestå av skreifiske i Lofoten vinterstid og sal frå kai om sommaren. Søkjar er einaste kvinnelege fiskar i distriktet.

Prosjektleveranse/Målsetting

Ved å investere i eigen sjark vil Birkeland Fisk & Sjømat satse på skreifiske i Lofoten på vinterstid og sal frå kai om sommaren.

Prosjektøkonomi:

Prosjektnavn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Støtte til nytt fiskefartøy	3 000 000	2 000 000	0

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til entreprenørskap, berekraftig utvikling og auka sysselsetting i kommunen.

Vurdering:

Alver kommune ser positivt på satsinga Birkeland Fisk & Sjømat ønskjer å gjennomføre, men etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden utanfor Næringsfondet sine vilkår, jamfør vilkår 6.3 kor stønad frå næringsfondet ikkje skal overstige 50 % av prosjektet sin samla finansieringsplan. Prosjektet har ein søknadssum på kr 2 000 000 og overstig den totale summen fondet har disponibelt til tildeling i denne runden. Søknad om støtte til nytt fiskefartøy vert avslått og prosjektet vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet.

Vedlegg:

Vedlegg i saken:

01.12.2022 Sognad-2022-0047

1845693